

Eit friluftsliv i endring?



**Seminaret Villrein og ferdsel,
Hjerkin, 21-22/10 – 09**

**Odd Inge Vistad
NINA-Lillehammer**

Bakgrunn

- Denne presentasjonen baserer seg på SSB sine nasjonale undersøkingar om utøving av friluftsliv
- Og særleg på Alf Odden sitt arbeid med desse undersøkingane, der han ser på trendar og utviklingsmønster frå 70-talet og fram til 2007. Også Vaage (2009) hos SSB er brukt.
- Eg konsentrerer meg om vaksne (16-74 år) og ungdom (16-24 år) og dels eldre (55-74 år), men SSB har også gjort undersøkingar blant barn (7-15 år)

Det store mønsteret i 2007

- Nordmenn er (svært) friluft aktive!
 - I 2007 deltok 93 % i ein eller annan friluftslivsaktivitet

Dei vaksne:

1. **FOTTUREN** dominerer; oppslutning på 81 % (51 % går i fjellet, 75 % går i skogen)
2. **BADING UTE**, er nummer to (68 %)
3. Aktivitetane **SYKKELTURAR**, **SKITURAR**, **BÅTTURAR** og **FISKETURAR**, alle mellom 47 og 45 %
4. **BÆRPLUKKING** (36 %) og **ALPINANLEGG** (21 %)
5. **JAKT**, **FRIKØYRING** (ski) og **TERRENGSYKLING** (like under 10 %).

Aldersmønster i 2007

- Barn er aktive; dei ligg oftast høgare i aktivitet enn vaksne.
- Det er særleg tydeleg for fiske, båtbruk, bading, alpint, skøyter, riding:
 - For desse aktivitetane er ungdomen noko mindre aktive
 - Medan dei vaksne er minst aktive
- Barna er også mest aktive til fots og på ski:
 - Her er ungdommen og unge vaksne markert mindre aktive
 - Ny topp når vi når 40-åra
- Jakt og sykling: Stabilt opp til vi kjem i 50-åra
- Typiske ungdomsaktivitetar: Frikøyring utanfor løyper, fjellklatring, elvepadling og skisegling.

Utviklingstrekk for ulike aktiviteter (med vekt på friluftsliv i fjellet)

Her har Odden undersøkt både lange endringsmønstre (1970/1974 - 2007) og kortare (2001 - 2007)

FOTTURAR:

- Markert vekst frå 1974 til 2007 – mest vekst før midten av 80-talet
 - Også kraftig auke i utøvningsfrekvensen pr aktiv utøvar
- Inga endring sidan 2001 i fotturar samla; tendens til auke i fjellet (men ikkje i frekvens)
- Markert vekst for ungdomsgruppa, særleg etter 2001 (+10 %), inkludert fotturar i fjellet

SKITURAR:

- Markert nedgang for skiturar totalt (- 10 %)
 - Også i utøvingsfrekvensen (ned med 1/3)
- Også nedgang i fjellet (men mindre) frå 1974 til 2007
- Men stabilt frå 2001
 - Stabilt også i utøvingsfrekvensen.
- Stor nedgang for ungdom (nesten halvert) etter 1970, for alle former skiturar (men mindre nedgang i fjellet)
- Men også stabilt for ungdom etter 2001
- Dei eldre (55-74 år) har hatt ein vekst på over 10 % frå 1970 – 2007 (men 7 % nedgang sidan toppen i 2001).

BÆR- OG SOPPTURAR:

- Nedgang på 15 % frå 1970 til 2007
- Utflating, men også nedgang frå 2001
 - For baae periodar: Lite endring i utøvingsfrekvensen
- Ungdom: Klar nedgang frå 1970, stabilisering frå 2001
- Eldre: Svak vekst for heile perioden, men flest deltakarar i 1997 og 2001. Altså nedgang frå 2001

JAKT:

- Ein liten auke frå 1970-2007; stabil korttidstrend
 - Også frekvensen stabil
- Ungdom: Langtrend: svak vekst; korttidstrend: svak nedgang
- Eldre: Korttidstrenden er ein svak nedgang

FISKE:

- Markert nedgang frå 1970 til 2007 (- 12 %); også negativ korttidstrend (inkl. fiske i ferskvatn)
 - Også tydeleg nedgang i fiskefrekvens for dei aktive, og all nedgang etter 2001.
- Ungdom: Endå større nedgang frå 1970 (- 21 %); fortset som korttidstrend
- Eldre: Svak auke som langtidstrend; svak negativ korttidstrend

SYKKELTURAR ("... i naturomgivelser"):

- Svært sterk vekst etter 1974 (+ 26 %, dvs. nær tredobling). Svak vekst frå 2001.
 - Litt vekst i utøvingsfrekvensen, men ikkje etter 2001
- Ungdom: Same nivå i 2007 som gjennomsnittet, men mindre vekst etter 1974.
- Eldre: Langt lågare nivå i 2007 enn gj.snittet, men har hatt ein vekst nesten på nivå med gjennomsnittet

RIDING:

- Så liten aktivitet (5 % i 2007) at den ikkje vart nemnt innleiingsvis.
- Ein liten vekst, både på lang og kort sikt (2-3 %).
- Ungdom (13 % i 2007): Litt sterkare vekst; all vekst etter 2001.

KØYRT I ALPINANLEGG:

- Svært sterk vekst etter 1970 (+ 17 %), men den har stoppa opp etter 2001.
 - Men nedgang i utøvningsfrekvens, 1970-2007, men ganske stabil etter 2001.
- Ungdom: Endå sterkere vekst etter 1970 (+ 35 %), men nedgang (- 6 %) etter 2001.
- Eldre: 1970-2007: Frå 0 – 4 % (stabilt frå 2001)

HUNDEKØYRING:

- Så liten aktivitet (2 % i 2007) at den ikkje vart nemnt innleiingsvis.
- Målt frå 2001; og har stige frå 1 til 2 %.

”MODERNE AKTIVITETAR”:

Samlenamn for diverse ”nye” aktivitetar målt frå 2001 (Terrengsykling, frikøyning på ski og brett, fjellklatring, brevandring, juving, rafting, elvepadling, skisegling/kiting):

- Låg samla på 15 % deltaking i 2007. Stabilt.
 - Nedgang på 21 % i utøvingsfrekvens
- Ungdom: Dominerer (30 % i 2007). Nedgang frå 35 % i 2004.

TERRENGSYKLING (”... på sti / i terrenget”):

- Berre målt sidan 2001 (men den gong truleg **overestimert** til 13 %). Ein av viktigaste av dei nye aktivitetane (i form av deltaking). Svak oppgang.
- Ungdom: stabilt.

FRIKØYRING PÅ SKI/BRETT:

- SSB har delt mellom "ved anlegg" og "i fjellet".
- Totaltal for 2007 var 8 %.
 - Det aller meste er "ved anlegg" (7 %)
 - Oppgang med + 2 % frå 2001
 - "I fjellet" utgjør 3 %.
 - Stabilt frå 2001.
- Utøvningsfrekvensen har gått ned med 21 % frå 2004
- Ungdom: Dominerer fullstendig (21 %), og stadig "ved anlegg" som den viktigaste (20 %); "i fjellet" utgjør 7 %

SKISEGLING/KITING:

- Totaltalet er mindre enn 1 %; stabilt frå 2001
 - Men kraftig auke i utøvningsprosenten (som einaste av dei moderne friluftslivsaktivitetane med auke).
- Ungdom: Også der mindre enn 1 % deltaking



SNØSKUTER I FRITIDA:

- Ikkje rekna som friluftsliv, men relevant i denne samanheng.
- Registrert frå 2001, stabilt på 6-7 %
 - Ein liten nedgang i utøvingsfrekvens for dei aktive
- Ungdom: noko høgare deltaking (10 % i 2007).
- Stabilt eller nedgang (for ungdom)

Kva seier så alt dette?

DET STORE BILDET SEIER:

- ...at vi stadig er ein friluftaktiv nasjon (og det vil vi vere)
- ...at barn og ungdom ikkje er så inaktive som mange vil ha det til, tvert imot
- ...at det er ei utvikling og ei endra balansefordeling mellom ein del aktivitetar
- ...at tendensar (blant ungdom og eldre) på slutten av 1900-talet ikkje nødvendigvis har fortsett inn på 2000-talet

Og meir konkret ...

TRADISJONELLE AKTIVITETAR:

- Fråfallet av ungdom har stoppa opp (mindre tydeleg for hausting)
- Tendens blant unge etter 2001:
 - Auke i turgåing (særleg fotturar, men også skiturar)
 - Auke i bærplukking
- Nedgang blant eldre etter 2001 (skiturar, bærplukking)
 - Så stor gruppe at dette påverkar gjennomsnittet
- **DETTE ER TO NYE TENDENSAR, SOM BRYT MED LANG TIDS UTVIKLING, OG MED FASTE FORESTILLINGAR**

SYKKEL OG ALPINT:

- Dei to store vekstaktivitetane frå 70-talet
- Begge har flata ut etter 2000, MEN SYKLING ER STORT!

MODERNE AKTIVITETAR:

- Det er terrengsykling og frikøyring som har mest omfang
- "Alt" har flata ut etter 2001, særleg for ungdommen (med tendens til nedgang).
- NB: små aktivitetar, usikre tal
- HAR EIN ALT NÅDD TOPPEN? KVIFOR?